

Rovviltmøtet i Ruste Bygdahus vart arrangert etter planen laurdag 10/4 kl. 11.00.

Ole Petter Berget ønskete velkome og gav ordet til **Pål Kjorstad**. Etter ei kort innleiing rundt situasjonen las han opp ei helsing frå **Merete Furuberg** til møtet. Deretter vart **Kjersti Røhnebæk, Ola Arne Aune og Terje Holen** vald til redaksjonskomité.

Ståle Støen, nestleder i Hedmark Bonde og Småbrukarlag innleidde om den generelle situasjonen i Hedmark, der han fortalte at dei verste skadefoldarane var bjørn og ulv. Han las deretter opp eit skriv **Kaj Teppen** hadde skrive om erfaringane med Galven tispa. Han oppdaterte med flyttinga av ulvetispa, og at den nå var tilbake i Kongsvinger-traktene.

Odd Jarle Lien, Sør-Trøndelag Sau og Geit fortsette med den därlege behandlinga beitebrukarane etter kvart har fått i erstatningsoppgjera. Han la fram bevis på at vi skulle haldast skadeslause i forhold til tap grunna freda rovvilt. Han refererte òg til § 8 som seier at tap som det er over 50% sjanse for at rovvilt har forårsaka, skal erstattas fullt ut. Han såg på USS som ein god samarbeidspartner i forhold til ei eventuell framtidig rettsak om emnet. Han mana til samarbeid og likte ikkje at Hedmark Sau og Geit ikkje ville støtta og vera med på møtet.

Åsmund Ystad, dagleg leder og sekretær i Folkeaksjonen Ny Rovdyrpolitikk innleidde om kor viktig det var å koma med gode og veldokumenterte argumenter når vi la fram saker til politikarane. Han presiserte at det var ingen vits å skyta på FM og DN, for det var politikarar i regjeringa og Stortinget som hadde ansvaret og makta. Ystad presenterte òg organisasjonen sin og fortalte om planer med nye lokallag.

Arnfinn Nergård, leder i Hedmark SP og leder i rovviltnemnda i Hedmark fortalte deretter korleis han såg for seg ny beitesesong ut frå rovviltnemndas side. Han presiserte kor liten makt nemnda hadde i rovviltforvaltninga. Han kom inn på at nemnda såg nøyne på den todelte målsetjinga og lytta i motsetning til DN og MD òg til beitenæringa. Han håpa at **Soria Moria 2** kunne få ned konfliktnivået, viss politikarane på Stortinget får det til i praksis. Han nemnte òg det tunge arbeidet han som nemndsleder hadde hatt med Galventispa, som herja i områder Hedmark på førehand hadde prioritert til beitedyr.

Egil Ulateig, journalist og tidlegare sauebonde prata om virkemidlar vi som beitebrukarar har i rovviltpolitikken og i rovviltforvaltninga. Han tok eit tilbakeblikk til si tid på Lesja der dei vart mobba både i bygda og i fylket av andre som ikkje hadde rovviltproblem. Han mana til at dei få som driv beitebruk i dag og at organisasjonane deira laut stå på hardare. Han viste til at vi i utgangspunktet laut vera ærlege og brukar forebyggande tiltak vi har, slik som ekstraordinært tilsyn og radiobjøller. Når ingenting anna nytta refererte han til den gongen dei på Lesja begynte å gå tilsyn med gevær. Dette var i utgangspunktet ikkje "lovleg", men det viste seg at det faktisk var lov å

beskytta dyra sine. I ein situasjon i dag med søknad om fellingsløyve, avslag og skadane berre fortsette, kunne han tenkja seg at vi kunne gå saman mange og skote dyret.

Pål Kjorstad, Oppland Sau og Geit tok for seg Soria Moria 2, kva som hadde skjedd sidan og kva han kunne tenkja seg som nye bestandstall for ulv og bjørn. Han reflekterte først over namnet Soria Moria og konkluderte hittil med at namnet dessverre var eit luftslott, som ikkje beitebrukarane kunne koma inn i. Vidare gjekk han gjennom positive setningar i regjeringsplattforma:

"Den todelte målsettingen skal sikre rovviltnestandenes overlevelse, og næringsdrift basert på beitebruk i utmark.

Dyr på utmarksbeite har mange positive kvaliteter...

... foreta en ny vurdering av bestandsmålet for ulv

... foreta en ny vurdering av bestandsmålet for bjørn

... lav terskel for å ta ut hannbjørner som har gjort skade eller som representerer et skadepotensial

... lav terskel for å felle ulv som har gjort skade eller som representerer et skadepotensial utenfor ulvesonen

... rovviltnestillingen skjer på en slik måte at antallet ynglinger holdes så nær bestandsmålet som mulig. Der bestandsmålet ikke er nådd skal oppbyggingstakten ta hensyn til nødvendig tid til tilpasninger for beitebrukerne og lokalsamfunnene generelt."

Så viste han til kva som hadde skjedd, som viste at Soria Moria 2 enda var eit luftslott:

Heidi Sørensen: Ingen øvre grense for rovviltnestammer

DN: Avslag på uttak av bjørn på vårsnø som før på alle søknadar.

FKT - potten minkar, kompensasjon til jegere vart nå plutselig lagt i FKT – potten.

Utarbeidet ein rapport om effektivisering av skadefellingsforsøk i Hedmark, 44 sider

Torstein Rudihagen: "Det arbeides nå i MD med ein oppfølging av Soria-Moria 2, men mitt inntrykk er at det først og fremst dreier seg om endring av bestandsmåla."

ULV:

- **Vi vil i utgangspunktet ikkje ha ynglende ulv i Norge. Den finsk/russiske ulvestamma vi har av i Norge og Sverige er ikkje utryddingstrua.**
- **Vi må i framtida få på plass ein klar definisjon, slik at fellingsløyver på all dokumentert ulv utanfor ei sett grense vert gjeve uansett.**

BJØRN:

- **Dagens bestandsmål på 15 ynglingar er borti.....**
- **Dagens bestand: Ikkje definert, men i 2008 var minimumstallet, (DNA dokumentert!) på 120 individer, 40 binner og 80 hanner. 1 dokumentert tilfelle av årsunge, altså 1 yngling.**
- **15 ynglinger blir da 1800 individer. Dette for å visa at NINA's tall kan diskuteras.**
- **Dagens bestand er allerede for stor til at den 2 -delte målsettinga om beitedyr/rovvilt kan oppnås.**
- **1. Eg foreslår eit nytt bestandsmål på 5 ynglingar, og som i dag ingen i Oppland. Bestanden av bjørn i Sverige er såpass stor og konsentrert at Norge er eit naturleg leveområde for streifdyr av svenskestamma, og dermed må Norge huse streifdyr frå Sverige i tillegg til eigen bestand.**
- **2. I områder som ikkje har bestandsmål av ynglande bjørn/eller i områder som i følgje forvaltningsplanar skal forbeholdast beitedyr, må ein her ha lav terskel for å få ta ut hannbjørner ved at det må gjevast løyverer til at alle overvintrande bjørner vert teke ut i hi eller på vårsnø. Skadefellingsløyver i slike områder må bli gjeve etter at første dokumenterte kadaver er funne.**
- **3. Definisjonen på ei yngling må reviderast.**
- **4. Tida for lisensjakt i heile landet må utvidast fram til jul**
- **5. Bjørn i hi kan ikkje lenger kallas streifdyr.**

Så var det høve til å kjøpe seg kaffe, rundstykker, kringle og pølse. Dette mens nokre av hovudaktørane vart intervjua av Hedmark og Opplands-sendinga. Denne var forøvrig der under heile møtet. 2 leikar vart framført av Pål Østen Solberg og Henning Persen.

Under sekvensen spørsmål/debatt hadde følgjande innlegg: Terje Holen, Morten Ørsahl Johansen, Gunnar Tore Stenseng, Ivar Odnes, Ola Edvin Heggvold, Ole Petter Berget, Ola Garmager og Hans Petter Solberg.

Til slutt fekk innleiarane og Ole Petter Berget ein sluttkommentar. Ståle Støen hadde fått trykt opp mange plakatar på eit lokal trykkeri, som kvar og ein kunne ta med seg frå møtet.

Redaksjonen hadde fått mykje å skriva om i tillegg til det Terje Holen på førehand hadde forberedt. Appellen/uttalla frå møtet vert skrive i løpet av helga der redaksjonen vert enige via e-post.

Takk for frammøte til alle! Uttala kjem da den vert klar. Pål Kjorstad, referent